

- LAGSBLAD -

Nr. 5

September—oktober 1937

20 året

Frå årsmøte i Noregs Mållag på Gol til fest i Oslo.

Folk flest var ikkje lite i spaning kva som vilde henda på årsmøtet at Noregs Mållag denne gongen. Ordskiftet um rettskrivinga hadde fyreåt vore meir enn kvast nok både frå i- og a-målmennene si sida. Og no var det berrsynt at denne store striden skulde avgjerast på Gol. — Dei store skulde få høve til å segja kvarandre eit sanningsord.

Aldri har vel frammøtet vore større på noko årsmøte i Noregs Mållag. Dei rådde seg til utsendingar bå' den eine og den andre som visseleg ikkje hadde vore representert fyrr. Einast Bondeungdomslaget i Stavanger var i lengste laget utan. Men so høvde det seg slik at underskrivne hadde ærend den vegen likevel, og fullmakta kom i orden i siste liten. Me vart soleis 8-9 utsendingar frå Rogaland til slutt.

Ein slapp vera i tvil um kva som stod fyre då me kom på toget i Bergen

um morgonen — pinstidagen. Kvar ein snudde seg var det målfolk å sjå og høyra. — Ordskiftet gjekk livalt for seg! I gangar og kupear. Tvo vyrde menn frå våre kantar — som hadde noko ulikt syn på «det store spørsmålet» — vart t. o. m. truga med utvising av toget, dersom dei ikkje vilde bruka munnen med måte — sa konduktøren.

Elles var det stort set semja um rettskrivingsspørsmålet millom «*Vestmennene*», som dei lika å nemna seg.

Den øvre luten av Hallingdalen er ikkje so serleg ven. Men er ein komen so langt ned som til Gol, vert dalen breid og romsleg. Skogklædde dalsidor med gilde gardar inn i millom. Elva går stor og breid i botnen. Og sagbruk og tømmer er det kvar ein vender seg. Ein får ein liten fyresmak av Austland og velstand.

På stasjonen tok formannen i Gol

mållag mot oss. Me Rogalendingane fekk hus på eit hotell tet attmed jarnvegsstasjonen. Der var det ordna både greidt og rimeleg.

Årsmøtet tok til um ettermiddagen. So det var berre å koma seg avstad med same.

Sjølve opninga er som regel alltid keidsam på sovorne møte. Namneupproping og fullmaktgodkjenning og slike formalitetar. Men denne gongen var det so fjerre elektrisitet i lufta at denne luten av programmet og vart interessant.

Eg tenkte so smått med meg då alle dei fine titlane vart opplesne: Det var mest synd at dette årsmøtet skulde vore på ein so etter måten liten stad. I ein litt stor by utanum Oslo hadde ein møtelyd med 4-5 professorar, byråchefar, rektorar, lektorar, direktørar, doktorar — både filosofiske og medisinske, lærarar i hopetal og ei mengd kjende og vyrde menn elles i landet gjort seg endå betre enn på Gol. For det var i sanning ei representativ forsamling, som det heiter.

Som nemnt var det rettskrivingsbrigdet som var den *store* posten på saklista. (Dei hine sakene vart tolleg snøgt undangjorde.)

Professor *Indrebø* var fyrste talar. Som alle veit er han *mot* nokor rettskrivingsumbot. Innlegget hans gjekk i store drag ut på det same som det han hadde på det møte Rogalands Mållag skipa til her i fjor. *Indrebø* hadde i alle høve minst $\frac{2}{3}$ av lyden med seg.

Næste innlegg var av magister *Sigmund Skard* for den nye rettskrivinga. Trass i at ein kunde vera usamd med denne talaren i mykje av det han kom med, lyt ein likevel sanna at talen var umåteleg greidt og flott framboeren.

Sidan skifte det med talarar for og imot. Det var ein fest å høyra so mange rakeknivar på ein gong! Dette ordskiftet tok til kl. 2 um ettermiddagen. Det varde til 9 um kvelden. Huset var fullsett — og vel so det. Og eg trur dei kann reknast på ei hand dei som ikkje sat i eitt heile tida. Formannen i Noregs Mållag, skuledirektør *Markhus* sa som sant var då møte endeleg lykta: «Ein kann vera usamde i mangt og mykje. *Eitt* lyt me likevel sanna: Eit folkeferd som legg slik trott for dagen må vera liv laga lenge enno.»

Forutan rettskrivinga var det meir interne saker som vart dryfte. I spursmålet um lagbrukskatten vart det gjort eit vedtak som gjekk ut på å retta seg etter det som kjem til å gjelda for Noregs Ungdomslag heretter.

Syttande mai bar det heimyver att med utsendingane. Trass i mange beiske ord og harde hogg skildest alle i fred og forsoning med god tru på framtida.

For min part gjekk det vidare til Oslo. Eg hadde fylgje med mange av Osloutsendingane, so tida for snøgt.

Um kvelden fekk eg høve til å koma på festen i B.ul. i Oslo. Dei festar ikkje plent som oss der inne då. Det

einaste som vitna um fest var ei rad med blomar kring rampen og det norske flagget sveipt um talarstolen. Elles sat folk på benkene som på eit vanleg møte. Festtalen vart halden av *Olav Gullvåg*, som alltid tykkjest vera i toppform. Nokor bordsæta var det ikkje. I pausane var det høve til å kjøpa mat nede i teatergarderoben. Det er sjølvsagt Kaffistova som har serveringa der. Ein uvanleg greid og lettvind måte, som me absolutt burde freista med her ein gong. So stødde me i alle fall oppunder stovone våre.

Utetter kvelden skifte det med opplesing, leik o. a. som det heiter. Ein kjøvande hite var det, so ein skulde sovisst ikkje bli freista til for mykje dansing. Endå gjentone var dårande nok, dei. — Gifte folk skulde ikkje ha lov å skriva slik. Men det er sak kunna som talar. Og då so — — —. *Ein* ting kann eg då sanneleg trøysta damone i vårt lag med: Det er andre stader enn hjå oss det er flust um gjentor når musikken spelar upp. —

I 12-1 tida um natta hivde dei trøyone bå' Per og Pål. Men då var det longe so seint vorte at gamle folk laut rusla heim. Og det gjorde eg då.

I seng komen var det ikkje radt fritt at tankane gjekk til ein annan fest i eit anna lag av same slag. Ein kjenner seg litt åleine på ein framand stad soleis. Men det er godt å prøva det med.

J. H.

Norsk marknad.

I år er det marknad att. Det er tvo år sidan sist. So gjæve ting kann ikkje gjerast kvart år, veit me. — Det er mange gilde ting saumarlaget vårt har laga til i denne tida. Både norsk og staslegt. Me vil rå alle til å taka seg ein kveld i Bondeungdomslaget medan marknaden varer. Det vert tidtrøyte av alle slag: Spelstykke, musikk og mykje anna. Det nye spelstykket av *Torvald Tu* skal bli noko reint make-laust morosamt, segjest det. Med nye, røynde folk i sume rollor, og dei beste av dei gamle i andre.

Me viser elles til programmet for marknaden her i bladet. Dei som har fått lutbøker må sjølvsagt selja alle lutene og snøggast råd er levera «inn-maten» attende til skrivaren. Fleire bøker er å få for dei som ynskjer det.



Livet går stødt vidare. Det kjem stendig nye til. Då er det gleda. Like so visst går nokon ifrå på vegen. Då er det sorg. Det er soleis laga for oss menneske.

For ei stund sidan gjekk ein av medlemene våre ifrå oss på vegen. Det var *Borghild Eikeskog*. Det var ikkje mange vikone fyreåt me såg henne millom oss. Frisk og kjekk. På Hafsrø var ho ei av dei trugnaste til å møta upp. Og so er det brått slutt.

Me takkar henne for samværet og lyser fred yver minne.

Sumaren som for.

Sumaren er slutt. Attende sit me i myrke uverstunge haustkveldar og minnest alle gledor og vonbrot i sumartidi. Til all lukka er storparten av folket (og serleg i B.ul. vil me vona) fødde optimistar, so dei har ei medfødd evne til å sikta burt alle triste minne. Og so sit då kvar og ein og hyggjer seg med minni so godt han kann, eller vonar på betre sumar neste gong.

I B.ul. hadde me sett svært store voner til sumaren i år. Heile Nøreg hadde me bede til gjestebod, og vilde lata dei få njota den herlege Ryfylke- og Jærnaturi som ein ekstra hugsvaling etter alt gjestebod, ordskifte og beinbruk. Men vestlandsverlaget vilde og ha eit ord med i leiken, og sytte difor for at stemna vart «våt» likevel, trass i brus og selters på Viste. Serleg snudde Jæren eit surt andlet mot oss då me vitja Garborg si livdakrå på Knudaheio. Stemnelyden heldt likevel humøret uppe heile tidi, folk tykte berre at det var gale dei ikkje fekk visa seg stort «på byen» i det ausande veret. Alle dei vakre bunadene hadde nok teke seg bra ut i solskin. B.ul. hadde lagt ned eit stort og godt arbeid for å laga ei gild stemna. Og alt klaffa som det skulde når ein ser burt frå festframsyningi i teatret. Eventyrspellet her burde ikkje vorte framsynt so ferskt som det var etter nokre dagars øving.

Som siste led i stemna tok me på

utferd til Sand. Det vart ei gild avslutning på storstemna innpå den stemneslitne plassen (det var 3dje sundagen på rad at einkvan hadde stemne der inne).

Det er mangt å læra og sjå for den som har høve til å få vera med på slike stemnor. Sjå berre t. d. det liv som kom over leiken og dansen. Eg er viss på at me skal merka det i vinter. No er det berre å vona at B.ul. nyttar flest mogeleg av utsendingane sine på seinare stemnor.

Laget har ikkje havt noko slag sers utferd i år, det har vist seg før um åri at når fyrst lagsfolket er komne og er i byen so er dei ikkje gode å få rikka derifrå att, endå berre for ein sundag. No kann det vera slik at det er ein del som har hug il å ta seg ein tur ein sundag. Enn um desse melde seg på kontoret, kom saman og vart samde um kvar dei skulde reisa — og reiste på tur. — Det trur eg hadde vore gildt for mange som kanskje ikkje har so mange kjenningar, og det hadde styrkt og utvikla kameratskapen millom medlemene.

Songarlaget reiste til Vikedal på stemna i år, og merkte seg mykje ut som vanleg. Veret var dårleg til å byrja med, men kom seg på slutten, og soleis var det med songen og. Det siste nummeret vårt var det beste.

Etter all denne stemnesjauen var slutt kunde laget endeleg pusta ut og ta ferie. Og ta til Hafsrø. Sumarplassen har vorte bra nytta sume sundager, serleg på ettersumaren då veret

var fint. Der har i alt vore 3 tilstellinger som visseleg ikkje har gjeve nemnande overskot. Det var jonsokfesten som øydela det. I slike høve med regn og surt ver ser ein fyrst kor vonlaust trong hytta er når ein skal halda til innandørs. Trass i at det var få folk på jonsokfesten stod og sat me som stuva sild inni hytta då Theodor Dahl snakka. B.ul. bør so snart råd er få ei ny hytta der ute og få betre skikk på plassen. Kvifor ikkje planta litt rundt i kring? Det vilde straks gjera det meir koseleg. Og til å planera ein danse- og krockettplass vilde 'kje heller vera so uovervinneleg.

Elles har lagsfolket nytta sumaren som best dei har kunna, og mange er det sikkert som har havt herlege dagar på fjellet eller ved sjøen. No har hausten sett ein stoppar for alt samarliv, og eit nytt arbeidsår innanfor veggjene i Holmegata er teke til. Mine beste voner for eit godt arbeidsår.

O.

Årsfesten.

Det er beint ut nifst slik som tida renn. Det er ikkje so mange åra sidan me høgtida 25-årsdagen åt Bondeungdomslaget. Og no er laget vårt 37 år — og vel so det.

Laurdag 25 september hadde me årsgilde. Det var ein koseleg fest, med høveleg mykje folk og framifrå god mat. De veit den maten gjer overlåg mykje til å setja god stemning i folk.

Formann i festnemnda, *Knudsen*, baud alt folket velkome og gav ordet til festtalararen, *Enevald Kleppe*. Han peika på den oppgåva Bondeungdomslaget hadde med å verna um det heimlege i mål, sed og skikk. Det trongst sovisst på tidt og jamt at bondeungdomen hadde ein stad der han kunde kjenna seg på heimegrunn. Dersom han *vilde* då. Kleppe nemnde døme på at sume trong ikkje vera so lenge i byen fyrr dei hadde gløymt kvar dei var i frå. Det er elles mest utruleg at det kann finnast so nauten bondeungdom i 1937 som den festtalararen fortalde um. Ein kunde freistast til å tru at det var sterk yverdriving. Lat oss vona at det var eit «isolert tilfelle» det med den guten som hadde mist heimemålet sitt etter nokre vikor i byen. (Ikkje for det. Den som skriv desse linone var for stutt tid sidan på eit møte eller rettare sagt kursus. Der hadde ein bygdemann ordet. Og han skjemdest i den grad yver heimstaden sin at han tala som ein dansk bibel. Annan grunn enn skam kunde det ikkje ha vore. For mannen er både fødd og alen og har arbeidet sitt i ei velvyrd bygd ein god stubb frå Stavanger.)

Etter steik og plommor av likaste slaget vart ordet gjeve fritt. Talarane «lod sig ikke nøde», som det heiter. Skuleinspektør *Tveterås* mana til truskap mot den gamle kulturen vår, og *Gunnar Løvik* drog fram alt det range og leide han hadde set seg arg på i alle år: Drykken og det som

Haustsong.

(Karl Myre skreiv denne vene songen til årsfesten i B.ul. 25-9-37.)

Tone: Hellig Olav stod —

HEIL OG SÆL me helsar kvar ein gjest idag,
atter fær me vera saman,
samla her til festen i vårt gilde lag,
gleda oss i frygd og gaman.
Minnerne dei stend som fagre blomar små,
og um dei me vent og varleg vyrdsla må;
dei skal leika um
mang ei hugnadstund
og vår gleda uppatt yngja.

Minner hev me no um sumaren som gjekk,
um den fuglesong som tagna.
Alt det fagre som i sumarsol me fekk
er ein draum som att hev rakna.
Stormen riv dei gule, bleike blokkor små,
kastar deim imillom folna blom og strå.
Livet som dei gav
med deim sig i grav
og eit sukk frå skogen susar.

Lat oss læra då av kvar den folna blom
at vår liv er soleis laga:
Me skal bløma fagert, fylla heilt vårt rom
i vårt Noregs aldehyage.
Der me gjeva vil vår styrke og vår kraft,
for me veit me fekk vår heile vokstersaft
i vårt Noregs jord,
heimen ven og stor
alltid skal i hugen lysa.

Difor samlast me til festen i vårt lag,
finner hugnad heil og gaman.
Og vårt norske merke og vårt norske flagg
vil so traust oss binda saman.
Ja me gløymer heilt at sumaren no kverv,
for me hev ein dyr og heilag fedraerv;
den gjev alltid vår,
vår det heile år
um du heim og Noreg elsker.

følgjer med den. *Magnus Våge* las opp eit dikt han hadde skriva ein gong for lenge sidan. Det var ein gild form for tale. *Endre Måland* fortalde um giftarmålet sitt med Bondeungdomslaget — og um at no såg det ut til å barka mot skilsmål att. Måland bad um orsaking for det vonde han ikkje hadde gjort. Og Gunnar Løvik kvitterte med avlad. Det var ei stor stund for oss alle.

Formannen vår, *Vegard Sletten*, hadde visseleg budd seg på ein stor tale. Men av praktiske grunnar — det var longe vorte seint på kvelden — sa han berre takk for maten han hadde fått for tvo timar sidan.

Inn i millom song me fleire songar av *Karl Myre*. Me er hepne som har ein sovoren husdiktar. No vil me ikkje nettupp segja at Myre er den beste på *skjemtesongar* då. Men so tek han det att der det stikk djupare.

Og det skal me vera glade for. Den fyrste songen har me vore so fri å kalla «Haustsong» og teke han inn her i bladet. Det er eit uvanleg fint dikt til hausten.

Utetter kvelden og natta var det leik og dans utan stans. Skjemtesongaren *Holm* trøyta tida med songen sin. Holm er festleg å sjå på. Men *songen* kunde vore betre denne gongen. Fyrste venda han var i B.ul. var han, etter vår meining då, mykje betre.

Det fyrste, trur me, ein kann merka alderdomen på er at ein lengtar etter kaffikvilda og ein røyk. Lat det verta slik på neste fest at kaffien kjem litt snarare. Æreslemene vår set kaffi yver alt anna. Og dei vil visseleg koma i endå betre humør dersom dei får han ei stund tidlegare enn dei gjorde denne gongen.

Det var elles ein sømeleg og gild fest som festnemnda hadde stor æra av.

Marknadtilstellingar i Bondeungdomslaget.

Sundag 24 oktober kl. 20: Lars Anders og Jan Anders.

Stubbar av Torvald Tu.

Musikk. — Kveldsutluting.

Inngangspengar 1 krone.

Tysdag 26 oktober kl. 20: Gamle frøkene på Sæle. Spel i 3 vendingar av Torvald Tu.

Leik. — Kveldsutluting.

Inngangspengar 1 krone.

Onsdag 27 oktober kl. 20: Gamle frøkene på Sæle.

Leik. — Kveldsutluting.

Inngangspengar 1 krone.

Torsdag 28 oktober kl. 20: Song av Njørd.

Framsyning ved B.ul. sin leikarring.

Leik. — Kveldsutluting.

Fritt tilgjenge.

Sundag 31 oktober kl. 20: Stutt tale.

Solosong.

Kaffi og heimelaga kakor.

Upplesing.

Leik. — Utluting.

Inngangspengar 1 krone.

SKJOTEBANE — KULESPEL

Saklista for sept.-oktbr:

Torsdag 30 september: Foredrag av høgskulestyrar Martin Birkeland: Sogesús og notidsliv. Song av songarlaget.

Torsdag 7 oktober: Ein time med Theodor Dahl på Jæren. Musikk av Mostuns trio.

Torsdag 14 oktober: Stutte fordrag av lagsfolk. Kaffi.

Torsdag 21 oktober: Foredrag av pastor Arne Tolmann: Utgravingar i Abrahams by med ljusbilete. Bondeguten ved Marie Hansen.

Slik kom saklista til å sjå ut for dei møta me til dessar har havt. Diverre vart ikkje nokon av samkomone i den orden dei var tenkte. Det kom jamt eit eller anna i vegen. Likevel må me vera samde um at det har vore sværande gilde lagskveldar utetter.

I ei klasse for seg sjølv kom no den kvelden me hadde stutte foredrag av lagsfolk. Emnet som desse vyrde lagslemene hadde fått å tala yver var i røynda «kva dei nytta fritida til eller kva hobbi dei hadde». Heile 6 stykke var i elden. Og dei synte dulde gåvor på sin måte. Frk. Tjensvoll la eit dramatisk-poetisk talent for dagen, Tora Hatteland peika serleg sterkt på at ho var husmor vorten og hadde ein mann å stridast med og Sølga Talgø fortalde um kor gildt det var å læra ifrå seg song og tale

når arbeidet viste gode resultat. På kar-mannssida starta Hovden med brakande vit-sar på ekte stavangersk um kor fælände uppteken han var i «foreningslivet». Askvik gjekk upp i rosporten med liv og sjel. For mange av oss var det uvanleg interessant det han fortalde frå hobbien sin. Han heldt lenge på og tala snøgt i fin form. Meland var mannen som skulde segja Amen, let han um då han gjekk på talarstolen. Me har høyrte Meland mange gonger fyrr. Denne venda synte han seg likevel frå ei radt ny sida: Som *solosongar*. Det var både moro-samt og originalt.

Det er svært gildt med slike program av «oss sjølve» stund-i-millom. Få møte er betre umtykte enn nettupp sovorne. Me får visseleg fleire i same dur.

Utgjeve av Bondeungdomslaget, Stavanger. Bladstyrar Johs. Hatteland.

Aktietrykkeriet i Stavanger 1937.



SOMA
ved Filmteatret

Forlovelsesringer

Billigste priser!
Største utvalg

*Frukt
Tobakk
Cigarar*

Alltid gode varor

OLAV HAMRE

Telefon 3440

Nytorget 5

Kåpe- og Kjolesøm

utføres

Nelly Husebø

Telefon 4252

Økonoms gård
Klubgaten 4

**Kjøp BØKER
OG
PAPIR**

i NYGATEN 2
øverste hjørnehus

K. OPSANGER

BOK HANDEL — PAPIRFORRETNING

ANDVAKE Det går framleies godt og jamt framover med Andvake. Målfolket i Rogaland som andre stader i landet, bør difor samla seg um Andvake når det gjeld alle former for livstrygding.

Umbodsmann for Rogaland:
Johs. Lunde, Hillevåg.

Umbodsmenn i Stavanger:
lærer Magnus Vaage, Wesselsgt. 32
skuleinspektør Øystein Eskeland
frk. Gunhild Bjerkreim, Suldalgt. 12
kontormann L. Torgersen, Kampensgt. 4
gartnar Sverre Steinsvoll, Paradis 76
forretningsfører Ingvaldstad, Brønngt. 28

Det er venteleg tenleg for Dykk å høyra med ein av dei fyrr De tek avgjerd um livstrygding.

Matstova

Øvre Holmegt. 20

Middag frå kl. 12-16

Kaffistova

Østervåg 25

Middag frå kl. 12-16

Kaffistova

Torget 6

Mostun

ved Mosvatnet

Bondeungdomslaget.

Lagsfolk!

Hjå meg finn De eit flott
utval i

Ull-kjolety

til gamle prisar.

EINAR NORDAKER A/S
BREIDGATA 19

Stavanger Colonialforretning

har byens beste
brendte kaffe

VAALAND DAMPBAKERI

(G. Sønneland)

Musegaten 46 — Telefon 1810f


Utsalg:

Skolegaten 17 — Telefon 3520

A. Mauland A/s

Klostergården - Telef. 2645

Elektrisk Forretning
Radioapparater



Engelsmindegaten 15 - Telefon 3119

Lars Bø

E l e k t r i s k
installasjonsforretning

A. I D S Ø E

Telefon . . 102 - 458

Rikstelefon 3020 - 3089

Etablert 1828

Kjøtt- og Pølseforretning

Belysningskunst




Spør etter teikningar
og yverslag.

A. Edwardsen Selvik
Cicelør - Verkstad Hetlandsgt. 45

BRYNE

JONAS JØRSTAD
BOKHANDEL

*All nyare litteratur
på lager.*



„SVITHUN“ er den beste sykkel

Avbetaling nnrømmes

MASKINHUSET A.S
Bredgaten 9 STAVANGER

Største utvalg i
Spaser-, Sports-
og Arbeids . . .

Skotøi

Dame, herre og barn i alle prislager.

Landets beste fabrikker

Yderst lave priser

Best - billigst.

En detail - en gros

O. THORSNÆS

KIRKEGATEN 42

STAVANGER
TELEFON 3690

J. ØSTEBØ

STAVANGER

Verksgt. 2 - Telefon 1875

Parafin hengelampor
Elektriske ljosekronor
Steinty - Postelin - Glasvaror

En gros - En detail

Ingi gáva

prydet

som blommar frå

Blomsterhallen

ALT I

HEILNORSK GARN

Rogalandsgarn Norgesgarn
Tvinggarn Plantef. garn
Glitregarn Slumregarn
Gretegarn

ROGALAND/ULLVARELAG
BREDGATA 16

Ingeleiv Eikeland

Syforretning

Kyrkjegt. 18 - Telefon 3594

Kjole- og kåpesaum

Godt arbeid!
Rimelege prisar og
alt i nyaste snitt.

Godt drikka!

Løna med fleire medaljor



Hjå meg kann De få kjøpa

BRUS ● SELTERS ● FARRIS
SØT OG SUR SAFT ● EPLESAFT
VYRTERØL ● IDUN EDDIK OG SENEP

GUNNAR LØVIK

Kongsgata 36 - Telefonar 727k, 228



**Garantien for
god margarin!**



1/3 MARGARINCENTRALEN